

---

Saksnr: 2020/716-18  
Saksbehandlar: Birgit Tansøy, Inger Lena  
Gåsemyr

---

---

**Til:** Hovudutval kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

---

## Orientering om oppstart av revisjon av forvaltings- og skjøtselsplan for Vingen helleristningsområde i Bremanger kommune

### Bakgrunn:

Vingen helleristningsfelt er eit av dei største helleristningsfelta i Norden. Til no veit vi om ca. 2300 figurar som er rissa inn i berget. Dei mange figurane kan daterast til tidsrommet 6000-2000 f. Kr.

Med heimel i kulturminneloven har Vestland fylkeskommune førstelinjeansvar som kulturminnestyremakt for forvaltninga av helleristningsfeltet i Vingen. Fylkeskommunen har mellom anna ansvaret for vegetasjonsskjøtselen av helleristningsfeltet. Det er vidare fylkeskommunen som koordinerer samarbeidet mellom kommune, universitetsmuseet i Bergen, Fylkesmannen, grunneigarar, festarar, Statens naturoppsyn (SNO), vakhald og beitehald. Universitetsmuseet i Bergen har ansvaret for forskning knytt til Vingen, og har hatt eit særskilt fokus på konservering av bergflatene og dokumentasjon.

### Forvaltingsplan og skjøtselsplan:

Vingen helleristningsområde har forvaltingsplan frå 1996 og ein skjøtselsplan frå 2002. Fylkesdirektøren meiner det er på høg tid å reviderer desse planane fordi dei er utdaterte og dermed heller ikkje så relevante for forvaltninga i dag. Dette har òg vore eit sterkt ønske frå det årlege forvaltingsmøte for Vingen helleristningsområde og særskilt for Universitetsmuseet i Bergen.

Revisjon av forvaltings- og skjøtselsplanen har som mål å slå saman planane til eitt dokument. Planen skal gjerast meir brukarvenleg, og ta for seg dei viktigaste oppgåvene som er knytt til forvaltninga av Vingen helleristningsområde; oppgåvefordeling, vegetasjonsskjøtsel, formidling og konservering av bergflatene. Planen skal kort og godt seie noko om kva ein skal bevare, korleis dette skal gjerast og kven som har ansvaret.


I samband med at Fylkesmannen no er i gang med å utarbeide ein forvaltingsplan for landskapsvernområdet, med fokus på biologisk mangfald og naturtypar, er det naturleg å samarbeide med dei når det gjeld vegetasjonsskjøtselen. I tillegg har Universitetsmuseet i Bergen sagt seg villig til å bidra med kunnskap og erfaringar knytt til konservering av bergflatene.

### *Landskapsvernområde, områdefreding og KULA-område*

I 1980 vart det etablert eit landskapsvernområde for Vingen (sjå grøn markering på illustrasjon 1). Det er Fylkesmannen i Vestland som er forvaltingsmynde for landskapsvernområdet, med heimel i naturmangfoldloven.

Fylkesmannen fekk òg oppført ei tilsynsbu i Vingen («Vingebu») i 1991 som skulle huse vakhaldet av området. Vaktbua vart forskriftsfreda i 2015 og det er fylkeskommunen som i dag har forvaltingsansvaret for bygningen. Vaktbua vert i dag primært nytta av Universitetsmuseet i Bergen i samband med forskingsarbeid og vegetasjonsskjøtsel av bergkunstområdet. Vakhald av Vingen er det ekteparet Vingelven, som er einaste fastbuande i området, som har avtale om.

Vingen vart *områdefreda* i 2001, då etablering av landskapsvernområde viste seg ikkje å vere nok for å få bukt med hærverk av helleristingane og at publikumstrykket var for høgt. Fredingsvedtaket i medhald av kulturminneloven (kml) § 19 omfattar landskapsvernområdet rundt helleristingane i Vingen og på Vingeneset (sjå blå markering på illustrasjon 1). Det vart utarbeidd egne vedtekter knytt til områdefredinga. Det vart òg forbod mot å vere i området utan autorisert guide. Det vart i tillegg sett eit tak på at berre 20 personar kan vere i Vingen på same tid.



*Illustrasjon 1.*

I Vingen står det framleis to bygningar att frå det gamle tunet. Eit naust og ei stove. I tillegg er det fleire tørrmurar og tufter etter andre bygningar som har stått i tunet. Universitetet eig bygningane, og fylkeskommunen er kulturminnemynde for dei på grunn av områdefredinga.

Vestland fylkeskommune er no i gang med å utarbeide forslag til kulturhistoriske landskap av særskilt nasjonal interesse (KULA-område) for Riksantikvaren. Eitt av desse KULA-områda omfattar midtre Bremanger som tar med seg eit større landskapsområde kring Vingen: Skatestraumen, Rugsund og Vingen. Hornelen, Nord-Europas høgste sjøklippe ligg i dette landskapet og er godt synleg frå Vingen.



*Illustrasjonen syner KULA-området for midtre Bremanger: Skatestraumen, Rugsund og Vingen.*

### *Guida turar til Vingen - kommunen si oppgåve*

Det vert i dag lagt opp til organiserte turar til Vingen gjennom heile sommarsesongen. Vingen er veglaust. Så all transport til helleristningsfeltet må skje med båt.

Bremanger kommune koordinerer desse turane. Kommunen har fått delegert ansvar frå fylkeskommunen til guiding gjennom sommarsesongen. Å ha med seg autorisert guide er eit premiss for å besøke Vingen. Kommunen driv i dag eiga opplæring av guidane sine. Kommunen fører årleg statistikk over kor mange som kjem. Besøktala ligg på mellom 100-300 personar gjennom sesongen.

Ann kvart år får alle 5. og 6. klassingane i Bremanger kommune besøke Vingen. I 2020 har det vore fullt på alle turane til Vingen og det har i alt vore 431 besøkande (elevane besøkte ikkje Vingen i 2020 på grunn av Corona).

Fylkesrådmannen ser at interessa for å komme til Vingen er aukande. Kommunen gjer årleg avtale med fylkeskommunen (samferdsel) om faste stogg med ekspressbåten frå Florø/Smørhamn kvar fredag ettermiddag frå midten av juni til midten av august månad. Kommunen har eit sterkt ønske om fleire stogg med båten i veka, men det har så langt ikkje lete seg gjere.

Bremanger kommune har forankra samarbeidet mellom fylkeskommunen, Fylkesmannen og Universitetsmuseet i Bergen i egne avtalar.

### *Årleg forvaltingsmøte og vegetasjonsskjøtsel*

Kvart år vert det halde eige forvaltingsmøte for Vingen helleristningsområde der alle samarbeidspartane er invitert til å vere med: Fylkesmannen i Vestland, Universitetet i Bergen, Bremanger kommune, SNO, grunneigarar, oppsynet, sauehaldar og fylkeskommunen i Vestland. Fylkeskommunen koordinerer møta og vegetasjonsskjøtselen.

For å halde vegetasjonen nede vert helleristningsområda beita med sauer frå medio mai til medio september. I tillegg vert alle samarbeidspartane med på ein to dagars felles vegetasjonsskjøtelsdugnad på førsommaren. I dei seinare åra har SNO prioritert dette arbeidet.

Avtalane om vakthald og beitehald er bygd på samfinansiering der desse partane er med: Bremanger kommune, fylkeskommunen, Fylkesmannen og Universitetsmuseet i Bergen.

### **Vurdering**

Universitetet i Bergen utarbeidde forvaltingsplan for Vingen helleristningsfelt i 1996. Planen vart utarbeidd før Vingen vart områdefreda. I 2002 utarbeidde Sogn og Fjordane fylkeskommune ein skjøtelsplan for Vingen kulturminneområde. Skjøtelsplanen kom like etter områdefredinga og etter forbodet om å vere i området utan autorisert guide, var gjeldande.

Begge planane har vore viktige styringsdokument i arbeidet med å forvalte Vingen helleristningsfelt i åra som har gått. Men fylkesrådmannen ser no at det er på høg tid å revidere planane og å oppsummere korleis forvaltninga av Vingen har gått etter områdefredinga.

Fokuset i planen vil vere å ha eit godt grunnlag for vegetasjonsskjøtselen vidare. Dessutan vil planen legge vekt på korleis formidlinga for Vingen skal skje vidare. Er tålegrensa for besøkande nådd, eller kan det vere aktuelt å utvide tal på besøkande?

Fylkesmannen har mangla ein forvaltingsplan for landskapsvernområdet, og starta difor opp arbeidet med å lage ein slik plan i januar 2020. Dei vil ha fokus på naturmangfaldet i forvaltingsplanen sin. Fylkeskommunen vil bruke deira kunnskap om vegetasjonsskjøtsel i det vidare arbeidet med revisjonsarbeidet av forvaltings- og skjøtelsplanen for helleristningane.

### **Oppsummering**

Revisjonsarbeidet av forvaltings- og skjøtelsplanen for Vingen helleristningsområde og kulturmiljøet skal gjere planen meir brukarvenleg og relevevant. Planen skal ta for seg ansvarsfordelinga av helleristningsområdet og dei viktigaste oppgåvene som er knytt til forvaltninga;. Fokuset skal særskilt ligge på vegetasjonsskjøtsel, formidling, konservering av bergflaten og forvaltning av kulturmiljøet. Planen skal òg seie noko om visjonane knytt til bevaring

av dette unike kulturminneområdet. Planen skal vidare gje ei oversikt over samarbeidspartar og kva for avtalar som er gjeldande. Fylkeskommunen skal skrive planen, men vil bruke Vingenmøtet som referansegruppe til arbeidet. Forvaltings- og skjøtselsplanen for Vingen skal vere ferdig våren 2021.